

Referat frå møte i elevrådet

8.november 2018

Til stades:

2.kl: Emina 3.kl: Kevin og Olivia 4.kl: Isak
5.kl: August og Tuva 6.kl: Mathias 7.kl: Ingen (turdag)

Sak 1 Tilbakemelding på saker frå klassene 18.oktober

- Felles reglar for Smashball og bomgøymsele – Torgeir skal leite fram nokre reglar dei brukte på Seim før. Elevrådet kan drøfte desse reglane på neste møte.
- Snøballblink på fjellveggen kan vere vanskeleg å få til, men vi skal undersøke meir.
- Merking av fotballmåla: Mathias, Tuva og Torgeir skal ta ein runde på fotballbana og merke måla.
- 4.klasse vil ha 7-ar måla utan at 7.klasse tar det frå oss
- Klasseballar: Vi venter på levering frå FAU. Det skal vere møte i samarbeidsutvalet torsdag 15.november. Her vil vi etterspørje kva tid vi får baller og anna uteutstyr.
- Smashballstativa må settast ut
- Stikkball i uteamfiet
- Bomgøymsele – viktig melding frå elevrådet: Det er viktig at dei som «har den» ikkje står for lenge eller for nære bommen. Om det skjer, skal likevel ikkje dei andre rope «du brente bommen». I staden må dei få tak i ein vaksen som kan hjelpe.

Sak 2 Uteleikar på småplassen

Kva uteleikar ynskjer elevane i 1.-4.klasse på småplassen?

- Ny og meir sand i sandkassa. NB! Steinar må fjernast før ny sand kjem. Kan 1. eller 2.klasse ta hand om det?
- Basketballstativ og ball til
- Hoppetau, stikkball, bøtte, spade, sil og formar til sandkassa.
- Sparkesykkel, mål på småplassen, akebrett, stylter, disser, leikehest, kritt, slåball og slåballsleiv, golf med hol, boksesekk med boksehanskar, leikehus på småplassen.

Sak 3 Nye saker frå klassene

- Vi treng nye hjelmar til sparkesyklane
- Ingen må gå inn og rote i friminutta. Ingen må gå vekk frå skulen. Alle må respektere reglane.
- Det er mange som stikker av – kjem ikkje inn til timen etter friminuttet
- Det er framleis fotballspeling i uteamfiet
- Kan vi ha fleire friminutt med «Kom og leik»?
- Det er mange som ikkje legg leikane tilbake i skuret når friminuttet er slutt
- Skurvaktane må kome fort til skuret og låse opp
- Dei må ikkje invitere andre inn i skuret.
- Listar må henge i skuret + bok til å skrive i

Sak 4 Korleis tek vi vare på egne, andre og skulen sine eigendelar?

Kva tenkjer klassene om innspela som kom frå klassene 18.oktober? Drøft i klassemøte før 8.november.

Elevane melder om at det er nokre elevar på skulen som stel blyantar og viskelær, tar kulepenner som dei skriblar med på veggjar og pultar. Nokon har også tatt «lærarkitt». 4.klasse ynskjer ikkje at det vert sett opp skilt om at det ikkje er lov å skrible rundt om. Det er betre at dei som gjer det, sjølv må vaske det vekk.

Alle må respektere reglane på skulen!

Referent: Anne Wergeland

Referatet er godkjend av:

leiar

nestleiar

